



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: 17/9788-19

Vår dato: 24.07.2018  
Vår ref.: 2016/3430  
Arkivnr.: 420.0

Rogaland fylkeskommune  
Postboks 130  
4001 Stavanger

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Svar på høyring om regional jordvernstrategi for Rogaland

---

Rogaland fylkeskommune har teke eit viktig initiativ for å redusere nedbygginga av jordbruksjord ved å fremje ein eigen jordvernstrategi. Det framlagde strategidokumentet med mål og tiltak svarar både på utfordringsbiletet i fylket og på dei nasjonale forventingane. Som eit av landets viktigaste jordbruksfylke, er Rogaland forplikta til å nå dette målet.

Politisk vilje til jordvern er avgjerande, og målsettinga er krevjande. Det er ein føresetnad med god fortetting i byar og tettstader, enda betre arealplanlegging og vellukka revisjon av regionale planar. Dette er også viktig for å få til ein berekraftig landbruksproduksjon som ikkje går ut over biologisk mangfald og viktige friluftsområde.

Nydyrking kan i Rogaland ikkje nyttast som erstatning for bygging på jordbruksjord, men for å auke mengda jordbruksjord. Også restaurering av areal, tilbakeføring og etterbruk til jordbruk av område for råstoffutvinning, er viktige kjelder til nye jordbruksareal.

---

Vi viser til oversending av forslag til regional jordvernstrategi i brev av 9. april og 25. mai.

### Bakgrunn for saka

Stortinget har fastsett ei øvre grense for årleg omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar samla for landet. Dette vart vedtatt 8. desember 2015, ved behandling av Stortingsproposisjon 127 S (2014-2015) «*Nasjonal jordvernstrategi.*» Det skal vere på plass innan 2020, og Regjeringa legg til grunn at den nasjonale jordvernstrategien blir følgt opp av kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn.

I møte 16. mai i fjor, gjorde Fylkesutvalet vedtak om at det skulle utarbeidast ein regional jordvernstrategi for heile fylket:

*«I tråd med det nasjonale mål, skal Jordvernstrategien for Rogaland etablere klare mål for å begrense nedbyggingen av landbruksjord på kort sikt, samt på lang sikt auke landbruksjord i Rogaland. Strategien skal vise til tiltak som gjør målene realistiske.»*

I mandat fastsett av fylkesutvalet, er forslag til strategi utarbeidd i fellesskap mellom Fylkeskommunen og Fylkesmannen, i samråd med ei breitt samansett ressursgruppe. I møte 20. mars vedtok Fylkesutvalet å sende utkast til jordvernstrategi for Rogaland på høyring.

### **Utfordringsbilete**

Rogaland er eit fylke prega av mange interesser, noko som gir oss særlege utfordringar når det gjeld konkurransen om areala. Framveksten av industrien, og særleg petroleumsindustrien, har gitt stor vekst i regionen. Mykje areal har gått med til næringsføremål, bustader og infrastruktur. Rogaland er samtidig *matfylket*, med nokre av dei beste jordbruksareala i Noreg. 10 % av jordbruksareala i landet er her. Utbygging og intensivt landbruk pregar store delar av fylket. Dette set landskaps- og naturverdiar under press. Særleg på Jæren er naturmangfaldet under sterkt krysspress frå både landbruk og utbygging til infrastruktur, bustad og næring. Artar som før var vanlege, vert meir sjeldne. Fleire typiske artar for regionen er truga eller sårbare og med på den nasjonale raudlista, til dømes vipe og ål.

Nasjonal jordbrukspolitik er tydeleg på at matproduksjonen i det norske landbruket skal auke. Skal dette vere eit realistisk mål som tek omsyn til den globale matvare-, ressurs-, klima- og miljøsituasjonen, må meir av norsk mat komme frå norsk landbasert matproduksjon. Gjennom ei effektivisering av jordbruket skal vi kunne auke matproduksjonen (Stortingsmelding nr. 11, 2016-2017). Effektivisering er likevel ikkje nok, dersom det i andre enden blir teke store areal med jordbruksjord til utbyggingsføremål.

Omdisponeringstakten av jordbruksjord har til tider vore svært høg i landet, der områda i tilknytning til dei større byane peikar seg særleg negativt ut. Det er i utgangspunktet ikkje noko overraskande i dette, då mykje av den økonomiske veksten skjer nettopp i områda kring større byar og tettstader. Behov for bustad- og næringsareal har i mange tilfelle vore løyst gjennom å leggje ut jordbruksområde til nye byggeområde i plan. Slik planlegging og utbygging fører også med seg behov for infrastruktur og servicefunksjonar. Konsekvensen av mindre sentralisert planlegging er byspreiing, svekking av by- og tettstadssenter, dårlegare kvalitet på kollektivtransport og til dels høge kostnader for utbygging av infrastruktur. Storting og regjering ser på slik planlegging som ei uheldig utvikling og har forma arealpolitikken blant anna gjennom statlege planretningslinjer for samordna bustads-, areal- og transportplanlegging og i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I tillegg kjem dei nasjonale måla om reduksjon i klimagassutslepp, mellom anna gjennom redusert biltrafikk. Skal regional og kommunal planlegging følgje opp desse forventningane og måla, må utbygging i større grad skje i og i direkte tilknytning til eksisterande senter. Jordvern og arealplanlegging heng derfor klart saman. Ein viktig del av løysinga i målet om auka og berekraftig matproduksjon i Noreg ligg derfor i god arealplanlegging.

Tilgang på eit sunt og produktivt jordsmonn er kritisk for matforsyninga og dermed for samfunnssikkerheita. Noreg er ikkje sjølvforsynt med mat, og vi er avhengig av import for å dekkje behovet for mat til menneske og husdyr. I ein krisesituasjon kan vi auke sjølvforsyninga, men langt frå til 100 %. I FylkesROS for Rogaland 2018-2021. heiter det at den store nedbygginga av landbruksjord kan gjere systemet mindre robust og minska sjølvforsyningsgraden. Nedbygginga av den jorda med best kvalitet er for det meste tilnærma irreversibel.

Det er i dette biletet fleirtalet på Stortinget nyleg har gjort vedtak 445:

*«Stortinget ber regjeringa fremme en egen sak for Stortinget i løpet av 2019 om etablering av nasjonale beredskapslagre av korn»*

Strategien teiknar i stor grad det reelle biletet av situasjonen i fylket. Nedbygginga er godt dokumentert i forskingsrapporten frå SSB og Nibio.

## Svarar den regionale strategien på utfordringa og den nasjonale forventinga?

Vi vil gi ros til Rogaland fylkeskommune som har teke eit initiativ med så klart mål om å redusere nedbygginga av jordbruksjord i fylket. Det viktigaste er nå å få kommentarar frå alle aktørar som her blir utfordra, i særleg grad gjeld dette kommunane.

### Regionalt jordvernmål

Det nasjonale jordvernmålet om maksimalt omdisponert jordbruksjord er sett til 4000 dekar årleg. I den regionale strategien er det tilsvarende årlege målet sett til 400 dekar med bakgrunn i at Rogaland har 10 % av jordbruksareala i landet. Dette målet er det som best svarar ut dei nasjonale forventingane om vi tek omsyn til kommande utbygging. Utgangspunktet burde vore ein 0-visjon, men det vil ikkje vere realistisk.

Forslag til regionalt jordvernmål på maksimalt 400 dekar årleg i fylket er krevjande om vi ser praksis fram til i dag. Gjennom konkrete strategiar og tiltak, må målet gjerast realistisk og gjennomførleg. Potensialet for fortetting og fornying i utbygde byar og tettstader er høgt fleire stader i fylket, og ein stø politikk for fortetting og fornying i etablerte byggeområde vil bidra sterkt til jordvern. Størst utfordring er knytt til større planlagde infrastukturprosjekt slik som ny E39 og dobbeltspor på Jærbanen.

Jordbruksareala i Rogaland er blant dei beste når det gjeld produksjon per dekar, avlinga er høgare enn dei fleste andre stader i landet. Rogaland står derfor i ei særstilling, saman med dei andre intensive jordbruksområda rundt Oslofjorden og Trøndelag. Det er her vi finn dei største jordbruksareala og dei beste produksjonsforholda. Det kan da hevdast at aktørar i desse områda har eit større jordvernansvar enn andre stader. Dette talar for at det regionale jordvernmålet burde vore lågare, ned mot ein 0-visjon.

Eit klart lågare regionalt jordvernmål i perioden fram mot 2022 synest ikkje realistisk når vi ser at den årlege omdisponeringa dei siste 10 åra i snitt har vore om lag 1400 dekar i året. Det må uansett leggjast til grunn at omdisponeringa skal reduserast vesentleg.

### Tiltak for å nå jordvernmålet

For å nå målet er det behov for tiltak både for forvaltninga og samfunnet elles. Forslag til tiltak er i stor grad knytt til kunnskapsformidling, planarbeid og landbruksnæringa.

Kunnskapsformidling er viktig for å utveksle informasjon og forventingar, og for skape god politisk debatt og eigarskap til måla om redusert forbruk av dyrka jord og kulturbeite.

Dei meir konkrete tiltaka er i stor grad knytt til arealplanlegging. Tiltaka/verktøya er ikkje nye, men blir i varierende grad nytta i dag. Grunnen til dette er nok ikkje fordi dei ikkje fungerer, men at det ikkje har vore tilstrekkeleg fokus på jordvern i fylket. Det har i for stor grad vore fokus på å dekke eit konkret behov, framfor ei samordna og langsiktig utvikling. Det er som nemnt klare statlege forventingar til den kommunale planlegginga der jordvern også er eit viktig område. Vi meiner forslag til tiltak bidreg til bevisstgjerings kring dei verktøy som finst. Dei gir også forventingar til at dei blir nytta.

Jordbruksnæringa byggjer og ned ein vesentleg del jordbruksareal i fylket, om lag 200 dekar i året dei siste 10 åra. Sjølv om denne nedbygginga i dei aller fleste tilfelle er knytt til nødvendige tiltak for jordbruket, er omfanget og jordvernet sin legitimitet avhengig av at næringa bidreg på lik linje som dei andre sektorane. Vi er samde i dei tiltaka og forventingane strategien stiller til landbruksnæringa.

### Nydyrking, jordflytting og jordvernfond

Eit viktig prinsipp innanfor ressursforvaltning er å ta vare på det vi har. Det aller viktigaste blir derfor å halde all dyrka jord og kulturbeite i god hevd.

Sjølv om det i dag er dyrkbare areal tilgjengelege, er ikkje denne ressursen utømmeleg, og mange dyrkbare areal har viktige naturkvalitetar knytt til seg. I stor grad er dei beste areala allereie dyrka opp, i alle fall på Jæren. Nydyrking er kostbart, det er låg produksjon dei første åra, og det kan gi negative konsekvensar for hydrologi og flaumdemping, biologisk mangfald og landskap. Dyrking av myr er særleg problematisk klima og miljømessig. Det er lite godt eigna nydyrkingsareal att i Rogaland. Det vil vere svært vanskeleg i dette fylket å erstatte avgang av dyrka jord til utbygging med tradisjonell nydyrking.

Jordflytting er hefta med ressursøkonomiske og miljømessige utfordringar. Store kostnader knytt til transport, klimagassutslepp, endringar av landskapsbilete og tap av biologisk mangfald, er kjente utfordringar. Sjølv om jordflytting kan vere eit eigna tiltak for å betre dyrkingsforholda i enkelte tilfelle, er det ikkje ei universell løysing.

Sjølv om eit jordvernfond vil kunne bidra positivt til å sikre dei økonomiske føresetnadene for å oppretthalde ressursgrunnlaget, meiner vi eit jordvernfond også kan virke som eit insentiv for utbygging. Når det i tillegg er hefta miljømessige utfordringa knytt til nydyrking og jordflytting, meiner vi eit jordvernfond er eit lite eigna tiltak for å nå måla i jordvernstrategien.

### Restaurering og tilbakeføring til jordbruk

Ved behandling av forslag til jordvernstrategi i Fylkesutvalet blei dette tilleggsforslaget samrøystes vedteke:

*«Fylkesutvalet ønsker at det innarbeides et avsnitt om at arealer som blir ledige når veier eller annen infrastruktur flyttes, skal vurderes tilbakeført til jordbruksformål».*

Vi støttar dette forslaget. Ei slik tilbakeføring vil i mange tilfelle vere kostnadskrevjande, men vil i vesentleg grad bidra positivt for jord- og ressursbruk. Vegar fragmenterer og splittar opp jordbruksareal i tillegg til å legge vesentlege arealbeslag. Vidare blir det ved bygging av vegar og annan infrastruktur nytta store mengder byggeråstoff med gjenbrukspotensial. Det vil derfor vere ei god ressursforvaltning å tilbakeføre slike areal til jordbruksjord.

Mineralindustrien gir eigne høve til utnytting av overskotsmasse i eit fylke som vårt. Tilbakeføring til jordbruk og etterbruk er viktig å vere merksam på.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Anfinn Rosnes  
fung landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Rune Lian  
Saksbehandlar telefon: 51568754  
E-post: fmrorli@fylkesmannen.no

Kopi til:

Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	Finnøy
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	Rennesøy
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Karmøy kommune	Rådhuset	4250	Kopervik